



## SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
99/2015	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	23.11.2015
80/2015	Kommunestyret	PS	14.12.2015

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Svein-Ove Hesjedal	FE - 205, FA - M50	15/1348

### RENOVASJONSGEBYR FOR 2016

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Vaksdal kommune vedtek at BIR Privat AS vert delegert fullmakt til fakturering og innkreving av renovasjonsgebyr på vegne av Vaksdal kommune, Jfr. §12 i «Forskrift om håndtering av avfall fra husholdning». Renovasjonsgebyret tilhører Vaksdal kommune.
2. Vaksdal kommune vedtek at prisen på renovasjonstenesta for 2015 vert sett ned med 2,4 %. Beløpet for minimumskunde vert då kr 1.546,20 for 12 tømmingar, 6 tømmingar per halvår, + eit tillegg på kr 26,60 per restavfallstømming utover dette., + kommunalt påslag kr 60,80 for etterdrift Geitabotn avfalls plass + bossnettpåslag kr 153,30 per bueining. Alle prisar eks. meirverdiavgift.

#### Formannskap/plan- og økonomiutvalet - Sak 99/2015

#### FPØ - Behandling:

Med heimel i forvaltningslova § 6 e punkt 2 vedtok formannskapet samråystes at Eirik Haga er ugild i saka; varaordføraren overtok som møteleiar.

Samråystes vedtak.

#### FPØ - Tiltråding/Vedtak:

1. Vaksdal kommune vedtek at BIR Privat AS vert delegert fullmakt til fakturering og innkreving av renovasjonsgebyr på vegen av Vaksdal kommune, Jfr. §12 i «Forskrift om håndtering av avfall fra husholdning». Renovasjonsgebyret tilhører Vaksdal kommune.
2. Vaksdal kommune vedtek at prisen på renovasjonstenesta for 2015 vert sett ned med 2,4 %. Beløpet for minimumskunde vert då kr 1.546,20 for 12 tømmingar, 6 tømmingar per halvår, + eit tillegg på kr 26,60 per restavfallstømning utover dette., + kommunalt påslag kr 60,80 for etterdrift Geitabotn avfallslass + bossnettpåslag kr 153,30 per bueining.

Alle prisar eks. meirverdiavgift.

### **Kommunestyret - Sak 80/2015**

#### **KOM - Behandling:**

Med heimel i forvaltningslova § 6 e punkt 2 vedtok kommunestyret samråystes at Eirik Haga er ugild i saka; varaordføraren overtok som møteleiar.

Samråystes vedtak.

#### **KOM - Tilråding/Vedtak:**

1. Vaksdal kommune vedtek at BIR Privat AS vert delegert fullmakt til fakturering og innkreving av renovasjonsgebyr på vegen av Vaksdal kommune, Jfr. §12 i «Forskrift om håndtering av avfall fra husholdning». Renovasjonsgebyret tilhører Vaksdal kommune.
1. Vaksdal kommune vedtek at prisen på renovasjonstenesta for 2015 vert sett ned med 2,4 %. Beløpet for minimumskunde vert då kr 1.546,20 for 12 tømmingar, 6 tømmingar per halvår, + eit tillegg på kr 26,60 per restavfallstømning utover dette., + kommunalt påslag kr 60,80 for etterdrift Geitabotn avfallslass + bossnettpåslag kr 153,30 per bueining.

Alle prisar eks. meirverdiavgift.

#### **Saksopplysningar:**

Gjennom Forureinsingsloven er alle kommunar pålagt eit ansvar for at innsamling av hushaldningsavfall frå private husstandar og hytter skjer på ein forsvarleg måte. Kommunane avgjer sjølv korleis dette skal skje. Vaksdal kommune delegerer på same måte som dei øvrige eigarkommunane denne oppgåva til BIR AS som igjen har delegert den til BIR Privat AS.

Alle eigarkommunane i BIR AS, handsama og vedtok ny «Forskrift om handtering av avfall frå hushald» i 2013. Vaksdal kommunestyre vedtok forskrifta KS-sak 32/13, den 30.09.2013. Ny forskrift tok til å gjelde frå 01.03.2014. Forskriften er heimla i «Forureiningslova», §§ 30, 31, 33, 34, 37, 48, 49, 50, 79, 83, og 85.

Forskriften sin § 12 omhandlar: «*Delegert mynde til å fatte einskildvedtak m.m.*»

«Mynde til å fatte einskildvedtak etter denne forskrifta er delegert frå kommunen til BIR med heimel i forureiningslova § 83 andre ledd. Kommunen si oppgåve med å krevje inn gebyret kan delegarast til BIR.»

Budsjettet i BIR Privat AS byggjer på sjølvkostprinsippet. Det rekneskapsmessige resultat for selskapet skal avsetjast mot eit sjølvkostfond. BIR Privat AS skal over ein femårsperiode styrast mot eit nullresultat.

Med bakgrunn i at BIR skal ha lik pris på likt tenestetilbod er det viktig at alle våre eigarkommunar vedtar like prisar.

Styret i BIR Privat AS vedtok den 20.06.15 ein auke i pris på lovpålagte tenesteleveransar for 2016 på 2,4%. For gjennvinningsstasjonane vert prisen uendra i 2016.

BIR Privat AS skal arbeide for eit best mogeleg tenestetilbod til lavast mogeleg pris. I Avfallsplanen 2010-2015 heiter det mellom anna at selskapet skal ha ei på førehand kjend prisutvikling. Dette meiner BIR Privat vert viderført i vedteke budsjett for 2016.

Bossnettpåslaget vert indeksregulert med 2,2% for 2016. Auken er i tråd med forventa stigning i konsumprisindeksen 2015-16.

I tillegg til gebyr for innsamling og handtering av avfallet, skal kommunen syta for inndekning av etterdrifts- og kapitalkostnader ved den nedlagte avfallsplassen i Geitabotn. For 2016 vert det kommunale påslaget på kr 60,80 pr bueining, dette er ein reduksjon på kr 114,20 per. bueining ( -65%). Kommunen har 2015 nytta opptent sjølvkost fond. F.o.m. 2016 vil ein såleis få redusert årsgebyr til inndekning av etterdriftskostnader.

Gebyret vert å krevja inn av BIR Privat AS som del av renovasjonsgebyret.  
Det kommunale påslaget gjeld ikkje hytter og fritidseigedomar.

Det vert elles vist til budsjettvedlegg «Kommunale gebyr- Budsjett 2016», jf. side 1 og avsnitt «Renovasjon - 2014-2019»